

Til redaksjonen



Pressemelding

01.11.2024

Fylkesveg 550, Edna bru:

Edna bru på fv. 550 i Ullensvang kommune kollapsa natt til 1. november grunna stor vassføring etter ekstremvêret Jakob.

Vestland fylkeskommune har som mål å få ny bru på plass og opne vegen att så snart som mogleg, innan trygge rammer.

Kl. 17 fredag 1. november skal vi ha synfaring av brua og vegen, i lag med Bruberedskap frå Statens vegvesen, som fylkeskommunen har samarbeidsavtale med. Frå fylkeskommunen møter tilsette frå avdeling for drift og vedlikehald samt geoteknikar. Da blir det vurdert kva som kan gjerast, og tatt standpunkt til kva type bru som må på plass. Avhengig av kor lang brua må vere, kan den komme på plass i løpet av helga. Om ei lenger bru trengs kan det ta ei veke.



Kontakt

Dina Lefdal

direktør, avdeling for infrastruktur og veg

Vestland fylkeskommune

Dina.Johanne.Lefdal@vlfk.no

95700813

Denne meldinga gjekk ikkje ut til alle medier i Vestland, men til NRK, BT, BA, Haugesund avis, Hordaland folkeblad, og Firda.

Fotokreditering: Vestland fylkeskommune